

## Ingunn Bjorå

---

**Fra:** Gunn Tove Petterteig <gunn.tove.petterteig@kvinnherad.kommune.no>  
**Sendt:** tirsdag 25. juni 2024 11:01  
**Til:** Ingunn Bjorå  
**Emne:** Tilbakemelding etter møtet med Jøsok

Hei

Her kjem våre innspel:

1. I området der mastene M17, M18 og M19 skal setjast opp er det spreidde førekomstar av reinrose (dryas octopetala). Arten er kategorisert som nær trua på raudlista og dette trur vi er einaste kjente veksestad i Kvinnherad. Førekomsten vart lagt inn i Artsdatabanken etter observasjon i 2021 og seinare år.
2. Vetrusvegen - Mykje meir utfart enn tidlegare. Det er også planlagt ei fylling i forbindelse med utbygging av effektkraftverk i Blådalen.
3. Arbeidet bør koordinerast med andre aktørar i område: Statnett og SKL
4. Kvinnherad kommune er uroa for at Blådalsområdet blir utbygd for mykje. (Multiconsult er leigd inn for å sjå på naturomsyn. Dei slepp å hogga tre. Visuell forureining, mastepunkt skal fyllast til etter at dei er sett opp)
5. Det er allereie kome innspel og spørsmål om kvifor linja (frå M15) ikkje skal gå parallelt med eksisterande linje. Altså på andre sida av Brandviksvatnet? Storbjørnsli, Brandavatnet og turen inn til Avaldsnuten er populære tur og rekreasjonsområde i Blådalen. Det er ikkje ønskjeleg at linja skal gå rett gjennom dette området. Kan de vurderer å gjera noko med dette?
6. Tidsplan: Ferdig med prosjektering haust 2024, Kommunen får tilsendt deltalplanen, deretter vil ein få høve til å senda dette på høyring. Oppstart tidleg i (mars) 2025.

Helsing

Gunn Tove Petterteig

Kvalitetsjef Kvinnherad kommune

Telefon: 97 01 80 29

e-post: [gunn.tove.petterteig@kvinnherad.kommune.no](mailto:gunn.tove.petterteig@kvinnherad.kommune.no)